Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: V. Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Nes

Emne:

Bygdelag: Selandsgrenda

Oppskr. av: Hans Seland

Gard: Seland

(adresse): Flekkefjord

G.nr. 90 Br.nr. 12

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): 87 år

SVAR

1. Utslått er kjend nok. Elles tala dei mer om skrabeslått og høyet her rüskehøy. Det mest var stand av blåberlyng, småbuskne „kofødi", lönsebr, med noko gras iblant. Sumt av slik slått slo me berre annakvart år: „Annårsslått"

Agra var atteragt åkr. Eng vart mindre brukt ord. Men vollhøy tala me om. Beste høyet var

Reinehøy som fekk noko gjødselkraft frå åkeren. Husdyrmøk vart lite og inkje nytta på eng. Derimot vannhusgjødsel, til tjukking og oska, helst til myr og vollhøy. Tjukking var velkjend ord. Kvitklöver grodde viljug der det vart gjødsla med oska og heitte her oskegras. Svart steinfulle utslåtter hadde gjerne kjelenamnet grådarteigen.

2. Det var ei vinna eller vårvinna å „rå jore", raka lauv og kvist av utslåttteigane. Lauvet og rusket vart samla i „råkostar" og sjeldan brend.

3 Der sauen beita vollen vår og haust sette det seg til mindre med mose. Eg høyrde aldri om andre moråd.

4. Myr vart dika ut med små opne veiter. Engvatning i turre bakkar dreiv farfar min nokje med.

5 Sjå under 1. Gjødsling av eng med husdyr

1984

gjødsel kan me vel rekna frå 1890 eller så.

5 Sauene gjekk mykje på tallen. Difor laut ein helst få ut om hausten den blaute kumøka frå tida då kyrne enno gjekk ute på beite, og den kom då enga til gode. Sidan vart det bore inn lauv og mose under sauene. Sauemøka vart helst bruka til byggåkren „reinkodn".

8 Sjå nest ovanfor. Me bruka breiteriva til å smuldra gjødsla med. Riva hadde stuttare og tjukkare tinnar en høyrive og stuttare skaft. Sidan bruka me rishorv, ein dunge av bjørkerenningar og bjørk gjødsla fin med.

9 Kyr gjekk ute om hausten så lenge det var mat å finna og sauene heile hausten og vinteren når ikkje snøen var til meins. Enno er dette i bruk, men sjølvsagt er det ikkje bra for kunstenga som så særskilt lyt hegnast med netting. Men grasbotnen vert tettare etter beitinga.

#

Eg er sjuk og ligg til seng. Sit i senga og prøver å svara. Eg kjem nok ikkje uppatt, så de må ikkje senda meg fleire spørjelister.

Med takk for hopehavet!

Hans Seland

1984
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1984